

## Styremøte i VBK

**Tid:** Torsdag 21.mars kl 17.00  
**Stad:** Linge

### Til stades:

Solveig, Mette M, Bjørg, Randi, Magnhild

Forfall: Petra, Mette N V

Det var to forfall til dette møtet, Randi var kalla inn som vara.

*Første delen av møtet var vi i gartneriet på Linge og pakka påskeblomster til medlemane og fordele dei for utkøyring. Eit flott tiltak som blir verdsett!*

*Etterpå held møtet fram hos leiar Solveig.*

### Sakliste:

#### 13/24 Referat og orienteringar

- Motteken takk frå skulelevane for sponsoring til skidag
- Litt om deltakinga på distriktsårsmøtet (jf. Info på heimesida)
- Møte med Ingunn Krogstad 22.03. vedk. prosjekt «Nøysom»
- Laget sitt bidrag til bygdafesten; to funksjonærar til billettsal/kontroll + ei kake som skal leverast
- Godt frammøte på «Syng med oss» på sjukeheimen den 19.mars. Flott tiltak og godt jobba av dei som er ansvarlege; Astrid, Judith og Carolin!

#### 14/24 Aktivitet til sommaren. Møte 9.april, 7.mai. juni?

Neste medlemsmøte vert 9.april kl 18.00. Vertinnegruppe 2 har ansvar for mat og lotteri. Aktuelt program; «historia mi», ta gjerne med handarbeid.

Om mogleg finne eit alternativ for møte som er planlagt til 7.mai.

Solveig tek kontakt med flyktningkonsulent om det er av interesse å få dei med på eit enkelt arrangement (innandørs ev/utandørs). Kjem attende til dette.

Dugnader i «Sansehagen» fom mai.

Møte i juni vert å kome attende til; fleire alternativ som kan vere aktuelt.

Bør samordnast med turgruppa sine planar.

#### 15/24 Økonomi

Gjennomgang av status med utskrifter pr. februar.

#### 16/24 Plan til hausthalvåret

Aktuelle tilstellingar:

- August: «Blåtur»
- Sept.: «Temamøte»
- Okt.: Kyrkjekaffi?

Årsmøtet skal vere gjennomført ila oktober månad.

- Nov.: Medlemsmøte
- Des.: Førjulshygge

Satsar på medlemsmøte kvar 2. tysdag i månaden.

Dette i tillegg til ev. andre aktivitetar. Det blir sett opp eigen detaljert plan for hausthalvåret etter kvart.

## **17/24 Eventuelt**

### **Landsmøtet i Ålesund 7.-8.juni**

Frist for påmelding er sett til 15.mai. Blir sendt ut eigen info om dette, ligg også fyldig info på bygdekvinnelaget.no

### **Ajourhald av medlemslista**

Solveig sender påminning om kontingen for dei som ikkje har betalt.

### **«Prosjekt Nøysom»**

Det vart drøfta ulike alternative forslag til kurs (til hausten):

- *Design/re-design*
- *Sanking (i skog og mark)*
- *Fermentering*
- *Bruk av ressursar frå sjøen (fisk/fiskemat)*

Det vert jobba vidare med å få i stand noko av dette som det kan søkjast midlar på.

Møtet slutt kl. 20.00

Magnhild  
skrivar